



Mo kyrkje



Skafså kyrkje



Eidsborg stavkyrkje




Høydalsmo kyrkje



Lårdal kyrkje

*Kyrkjelydsblad for Tokke prestegjeld  
Nr. 2-2008- Årgang 22*

KYRKJELYDEN



**Fjellkyrkja på Skafsåheia**

# Velkomen til eit nytt nummer av Kyrkjelyden...

Det har vore ein utroleg flott vår, og så langt ser det ut for å bli mange fine dagar med mykje sol.

Med fullsette kyrkjer har konfirmasjonsgudstenestene vore eit høgdepunkt i mai. Vi trur at konfirmantane og deira familiar opplevde det som ein sær s viktig og flott dag. Avslutninga på eit års undervisning, og med tyngdepunkt i forbøn i kyrkja for kvar einskild konfirmant.

Vi vil oppmode kyrkjelyden til å nytte sumaren til å reise til gudsteneste litt på tvers av soknegrenser. Ofte blir det 3-4 veker mellom gudstenestene i dei einskilte kyrkjer, og derfor er det koseleg om vi kan besøkje kyrkjene på tvers av gamle grenser.

Vi vil ynskje dykk ein god sumar med mykje sol og varme frå Guds himmel.

Svenning Jørgensen

**Redaktør:**  
Svenning Jørgensen

**Med god hjelp frå:**  
Eilev Erikstein

**Formgjeving:**  
Ove Kjell Huvestad.

**Gåver til "Kyrkjelyden"**  
kan betalast inn på  
bankgirokonto  
2685 07 06947

**Kyrkjekontoret i Tokke**  
Tlf 350 77 188  
Fax 350 77 052

**E-post:**  
soknepresten@tokke.kommune.no  
kyrkjevevja@tokke.kommune.no  
kyrkjekontoret@tokke.kommune.no  
prosten@tokke.kommune.no

**Postboks 94**  
**3886 DALEN**

**Kontoret er ope:**  
**Måndag, tysdag, onsdag, torsdag**  
**og fredag - kl. 0900-14.00.**

---

Prost Jørgensen, Øyvind A.	- mobilt.	995 16 348
Sokneprest Jørgensen, Svenning	- mobilt.	909 76 719
Prostidiakon Erikstein, Eilev	- mobilt.	911 13 580
Kyrkjevevje Huvestad, Ove Kjell	- mobilt.	908 77 188
Organist Radziej, Zbigniew,	- mobilt.	412 71 930
Organist Lamsodis, Robertas	- mobilt.	970 97 475

**Salme 37, 5-6:**

***”Legg din veg i Herrens hand, lit på han, så skal han gripa inn.  
Han skal la di rettferd bryta fram som ljuset, din rett skal verta som høgljos dag.”***

Når du står i vanskelege situasjonar, der det ikkje er lett å sjå nokon veg fram, då får du leggje din veg i Herrens hand.

Kanskje du har strevd lenge med det du står i, og ikkje funne nokon utveg. Då blir du sliten og motlaus. Det tappar for krefter. Og får innverknad på mykje anna i livet ditt, som elles kunne ha vore både godt og enkelt.

Gud innbyd deg til å komme til han med det alt saman.

- Og på sett og vis er det jo lett å leggje sin veg i Herrens hand. Det gjør vi jo bare ved å be til ham, og fortelje om det som tyngjer.

Men det vanskelege kjem i neste setning:

”lit på han, så skal han gripa inn.”

Det er jo det vi ynskjer. At Gud sjølv skal gripa inn i våre liv, til beste for oss. ....Til beste for oss. Ja, det er ikkje alltid det same som det vi ynskjer.

For det beste for oss, det er sjølv sagt at vi ein dag blir med til himmelen.

Og i samanlikning med det er alt anna mindre viktig.

Difor handlar Gud alltid med oss ut frå det han ser vil vere med å leia oss rett fram på den veg som fører til himmelen.

Difor har han gitt oss eit veldig tydeleg og sterkt løfte i neste setning, som seier oss korleis Gud leiar og ”grip inn”.

Jo, han vil ” la di rettferd bryta fram som ljuset..”

- Mi rettferd....det er Jesus.

Det er ikkje mine gode gjerningar eller eiga strev eller at eg gjer så godt eg kan.

Nei, hadde det vore slik, hadde det vert ute med meg. Fordi eg ikkje held mål i forhold til lova sine krav.

Difor fører Gud Jesus fram. Som mi rettferd.

Han gjeld for meg. Han tok min sak, mitt liv, på seg, og kjøpte meg fri frå fordøming.

Det er nåde som held. Det er sterkt.

Og det er på dette eg har tillit til Gud.

Slik at også de kvadags ting, som eg kan slite med, og trenge hjelp til, får svar og konkret hjelp hos ham.

Det er et løfte frå Gud til deg.

For at du skal kjenne og erfare, at han både ser deg og bryr seg om deg.

For at du skal ”smak og sjå at Herren er god”..

Svenning Jørgensen

# Ein tru tenar – i skogen og Guds rike

”Det er vel ikkje så mykje å skrive om meg,” meinte Andreas Haugholmen då han vart spurt om eit intervju i Kyrkjelyden. ”Det trur eg nok det er,” svara eg, ”og dessutan er det dei vanlege menneska i nærmiljøet vi gjerne vil ha fram i bladet.” ”Ja vel, eg kan no det, då,” svara han, og vi avtalte å møtast alt neste dag.



Vi er på Haugholmen, plassen som Andreas har namnet sitt frå, mellom Lauvik og Bandakslie. ”Det blei slik for ein del år sidan at eg overtok denne plassen. Vi måtte låne litt, men eg har ikkje angra på det.” No held Andreas på med å pusse opp huset, og eg får vere med inn og sjå. Eigentleg er det veldig snilt av han å ta imot meg no, tenkjer eg, for han må gjere huset ferdig innvendig for turistar innan fjorten dagar, og enno står det ein del arbeid att. Men huset blir rektig fint.

Vi sit ute og pratar. Det er ein av dei finaste dagane i slutten av mai. Himmelen er blå og sola varmer, lauvet er grønt, det lyser av blomar i enga, og Bandak ligg speilblank like nedanfor. ”Turistane er veldig glade i denne staden,” kan Andreas fortelje. ”Særleg dei som kjem frå storbyens kav og mas set

pris på denne stille plassen med den fine naturen.” Ja, dette må vere noko av det næraste ein kan kome paradiset på jord, tenkjer eg, om ein har det ein skal ete og fred i sjela. Men dei som har budd her i tidlegare tider, kjende seg nok ikkje akkurat i paradiset når dei sleit og streva for føda.

Andreas Haugholmen vart fødd i den fyrste krigshausten og voks opp i området her. Familien budde på Nikulskås til 1947 og faren arbeidde omkring på gardane. Så flytta dei til Nordigard Lauvik, og der fekk Andreas dei to fyrste skuleåra. I 1949 kjøpte dei Tveitland, eit småbruk der onkelen til mora budde.



I unge år var Andreas eit år på jernverket på Notodden. Under militærtjenesta tok han forskjellige skogfag, og ville gå på skogskulen på Kongsberg. ”Men i 1962 hadde far min kjøpt ein traktor. Eg kom heim og blei rotandes med den, då. Det var jo spanande å køyre også. Så blei det til at eg byrja å arbeide i skogen her heime. Far min hogg og eg køyrde og hogg. I 20 år jobba vi saman. No har eg drive for Telemark Tømmersalslag

og AT Skog i 43 år, og held då på og puslar framleis. Det er no rart at dei vil ha ein gamal timmerhoggar som meg, men 'du kan få arbeid til du er 70, du,' seier skogbruksleiar Jan. Men det avheng av helsa det då, eg er jo 68 til hausten.”

Det har vore mykje tungt arbeid i skogen. ”Då eg byrja, felte vi med øks og svans, kvista med øks og berkte med barkespade.” Og i mykje bratt terreng? ”Jau, det var mykje bratt, hu hu, ja. Og om sommaren er det temmeleg varmt i vernebuksa. Ein blir skikkeleg dampa då.” Men Andreas er i god form, sjølv om han kjenner alle åra i skogen i knea og ryggen. ”Eg jobbar på det jamne og stressar ikkje. Eg er vel heller noko treig av meg. Sjølv om det har gått litt ut over kronene, har eg alltid unt meg ei god matpause i arbeidet. Eg har sett dei som eksar seg opp, og det er ikkje bra.”

No tek hogstmaskinane over meir og meir. Manuell drift kan ikkje konkurrere på prisen. ”Eg er nok siste generasjon som driv manuelt,” seier Andreas.

Å vere aleine i skogen er ikkje bare bare, sjølv med sikringsradio og mobiltelefon. Det har då også hendt meir enn ein gong at Gullbjørg har kome ut i skogen fordi ho ikkje har fått kontakt med Andreas på telefonen. Sidan han no sit her heil og fin, tør eg spørje om han har vore ute for noko verkeleg farleg. ”Jau, eg har no det. Ein gong skulle eg styve eit tre over ei bjørk som låg i snoen. Men så var det spenn i denne bjørka, og rotenden på det treet eg styvde, fór opp i låret på meg. Eg ville mest svime av, men heldigvis fekk eg trykt på alarmen på sikringsradioen. Då var det tre andre som høyrde meg, og Olav Blikom og Gullbjørg kom og henta meg med traktor. Og så har eg vore borti både bein og



tå med øksa, men alt i alt har eg vore heldig. Men etter så mange år i skogen har ein fått respekt for farene. Får du eit tre over deg, har du ikkje mykje du skal ha sagt.”

I 1970 gifte Andreas seg med Gullbjørg. Dei har fått ei dotter, to søner og tre barneborn. Andreas er spent når det ringjer i telefonen. Medan vi sit på Haugholmen, kan det kome to nye barneborn når som helst. Dei er tvilingar.

Heilt frå barndomsheimen har Andreas hatt med seg den kristne trua. ”Mor og far var kristne og gjekk på møte på Torshaug, i heimane og andre stader. ”Vi var med på møte frå vi var born. Det var naturleg, men ikkje tvang. Trua har eg hatt med meg heile livet. Eg var vel noko i tvil under militærtjenesta, men noko stor krise har eg ikkje hatt. Men eg er glad for at eg fann ei jente som deler den same trua. Det er ein stor styrke.”

For båe to har det vore naturleg å gå inn i det kristelege arbeidet i kyrkje og bedehus. Andreas har vore med i styret på Torshaug i over 30 år, og han har også vore med i soknerådet. Mykje dugnad har det vore, med brøyting, vedlikehald, timmerhogst og mykje anna.

Fjellkyrkja har han også vore med og arbeidd for i 18 år, og no kan han snart sjå at kyrkja blir reist. ”Det har til tider vore strevsamt,” innrømmer han, ”men det meste har falle på Gunstein (Seltveit). Han er veldig lettvinnt å samarbeide med, og det er liv og røre med han på dugnad.”

”Eg har ikkje så lett for å ta ordet i forsamlingar,” fortel Andreas. ”Det fell ikkje så naturleg for meg.” Preiker av alle slag har han høyrte gjennom åra. ”Eg godtek alle

predikantane, men likar best dei som har beina på jorda, ikkje dei som er høgt oppe. Eg er ikkje slik at eg blir så lett riven med av dei. Om det er rett eller gale, får andre vurdere.”

*Kva har trua å seie for deg?*

”Ho gjev meg tryggleik. Det er godt å ha ein å gå til, både når alt går godt og når noko er vanskeleg. Det er eit trygt og godt haldepunkt.”

*Kva vil du drive med når du etterkvart blir pensjonist?*

”Eg vil gjerne vere meir saman med barneborna, og så kan det hende vil vil bruke Haugholmen meir sjølve om sommaren. Turar i skog og fjell er også glad i. Og eg vil gjerne ta ein tur til Nord-Noreg.”

Andreas er også veldig glad i musikk. ”Når det ikkje er musikk på møta, er det tungt. Eg er veldig glad for at vi har Arthur og Olav og dei andre som spelar, og den flinke organisten vår. Eg har spela gitar på møte, men fekk det ikkje heilt til. Nå klunkar eg for meg sjølv og for barneborna, på gitar og piano. Og så spelar eg CD.”

Mat likar han også å lage. Han lagar middag kvar søndag. Kjenner vi han rett, får han ikkje problem med å få dagane til å gå. ”Sjølv om eg ikkje har allverdens hobbyar, likar eg å vere i aktivitet. Eg klarar ikkje sitje stille og ikkje ha noko å gjere. Det blir for kjedeleg for meg.”


ØAJ

## STORT UNGDOMSARBEID

Det kristne ungdomsarbeidet er i vekst i Vest-Telemark. Mykje takka vere arbeidet som vert drive av lagsdiakon Reidun Nødland og lagsteama ved Kvitsund Gymnas.

I år er sekstifire ungdomar i tillegg til vaksenleiarar engasjert i arbeidet. Det er team og arbeid i Treungen, Fyresdal, Edland, Rauland, Åmot, Dalen, Flatdal, Kviteseid og Bø. Eller hjelper Kvitsund-prosjektet til med barnearbeid i Morgedal. Attendemeldingane på arbeidet er gode. Mange plassar er dette det einaste kristne ungdomsarbeidet på staden.

På Dalen har Soknehuset vore staden for ungdomsklubben. Klubbkveldane har ofte vore kopla saman med konfirmandundervisning. Desse har drive klubben i vinter: Andreas N. Jørgensen, Torbjørn Emdal, Jostein Aardal, Ragnhild Helen Austad, Maren Kristine Torset og Åsta Kåsa.



På siste klubbkveld fekk ungdomane ein velfortent takk. Frå vh. Maren K. Austad, Torbjørn Emdal, Andreas N. Jørgensen og Ragnhild Torset.

## TI PILEGRIMAR FRÅ EIDSBORG TIL RØLDAL



Laurdag 28.juni startar ti pilegrimar frå Eidsborg stavkyrkje. Fyrst er det pilegrimsmesse, før vandringa møt Røldal byrjar. Til Åmot den fyrste dagen, der dei møter pilegrimsgruppa frå Seljord. Alt i alt er 42 menneske påmeldt til årets pilegrimsvandring vestover. Til Røldal kjem dei fredag 5.juli. Det er Vest-Telemark Museum, historielag og kyrkje som har opplegget for pilegrimsvandringa.

Slik såg det ut i fjor då pilegrimane gjekk frå Eidsborg

### 1 års permisjon....

Eg har søkt biskopen om 1 års permisjon utan løn frå 18.8.

Vi blir buande i prestegarden i Lårdal, og eg forsøker å finne jobb for dette året, gjerne eit handverksyrkje.

Etter nesten 12 år som prest i Tokke, trur eg det vil vere verdifullt å ta eit år, der eg jobbar med noko heilt anna.

Jarle Bryne har sagt ja til å vere vikar dette året, og vil bu i Kviteseid.

Svenning Jørgensen  
Sokneprest

# KONFIRMANTAR I HØYDALSMO OG LÅRDAL SOKN 2008

KYRKJELYDEN 2/2008



Foto: Ove Kjell Huvestad

Prost Øyvind A. Jørgensen   Knut Tore Lauvdal Brubakk   Sveinung Olavson Bakken   Arne Moen Lid   Sokneprest Svenning Jørgensen

Anders Krogh

Andreas Foldøy Jørgensen

# KONFIRMANTAR I EIDSBORG, MO OG SKAFSA SOKN 2008

KYRKJELYDEN 2/2008



Foto: Ove Kjell Huvestad

Tor Olav Kyrkjebø	Lars Fredrik Reinskås Aarstad	Lars Blikom	Torje Veum Rydland	Ola Midjås
Prost Øyvind A. Jørgensen				Sokneprest Svenning Jørgensen
Margit Kollbotn	Marita Bekk Hansen	Karoline Karlsen Småbrekke	Gro Marit Slettetveit	
Jørgen Haugan Vindal	Ole Even Nordbø	Ole Martin Timland	Øyvind Vik	Ingvild Pedersen

# Fins det mange alternative evangelier?

## Hvor sikre kan vi være på at evangeliene som er valgt er de som er mest historisk korrekte og mest i samsvar med Guds vilje?

I romanen Da Vinci-koden av Dan Brown hevder “forskeren” Leigh Teabing at det var 80 evangelier som forelå da Det nye Testamente ble avgrenset av keiser Konstantin og hans teologer i 325. De bestemte at bare fire av disse evangeliene skulle innlemmes i NT, fordi disse fire tegnet et bilde av Jesus som guddommelig, slik man var blitt enige om at han var på kirkemøtet i Nikea samme år. De andre 76, sies det, tegnet bildet av en mer menneskelig Jesus, men dette bildet var uakseptabelt for kirken etter kirkemøtet i 325.

Det eneste som er riktig i dette, er at det fra og med det annet århundre etter Kristus forelå flere evangelielignende skrifter enn dem som vi nå har i Det nye Testamente. Men vi snakker ikke om åtti – det tallet har Dan Brown tatt rett ut av luften. Det er mye nærmere sannheten å si at det dreier seg om noe slikt som 25 evangelier i tillegg til dem vi har i NT. Et nøyaktig tall er umulig å gi, for det vil avhenge av hva man regner som “evangelier” blant disse skriftene. Ut fra en litt streng definisjon av “evangelium” er det langt færre enn 25.

De fire vi har i NT har én ting til felles: De er alle, etter alt å dømme, skrevet før år 100 e. Kr. Alle de andre evangeliene er skrevet etter år 100, mange av dem betydelig senere. Dette gir de fire evangeliene i NT et ikke uvesentlig tidsmessig forsprang. Det er de som ligger begivenhetene det berettes om, nærmest i tid. Hos Justin Martyr, så tidlig som 150-tallet e. Kr., er det tydelig at de fire nytestamentlige evangeliene allerede er en klart avgrenset samling. Justin siterer fra de fire, og ikke fra noen andre. Kanskje var ingen flere evangelier skrevet ennå, da Justin skrev.

Med “evangelium” vil de fleste av oss tenke på skrifter av samme type som dem vi er vant til å kalle evangelier i NT. Et evangelium er

da et skrift som først forteller om hva Jesus sa og gjorde, og så forteller om hans lidelse, død og oppstandelse. Dersom vi bruker dette som definisjon av “evangelium”, er det ikke så mange flere skrifter som fortjener betegnelsen enn dem vi har i NT. Jeg skal nevne de viktigste:

Peters evangelium: antakelig skrevet omkring 150 e. Kr. Bare siste del av evangeliet er bevart, det inneholder en versjon av lidelseshistorien og oppstandelsesfortellingen der det underfulle ved det som skjer, er mye mer utbrodert enn i noen av de nytestamentlige evangeliene. I Petersevangeliet er Jesus mer guddommelig og mindre menneskelig enn i våre fire evangelier, stikk i strid med hva Dan Brown hevder i Da Vinci-koden. Petersevangeliet kan tolkes slik at Jesus ikke kjente smerte på korset, og dette var en av grunnene til at evangeliet ble betraktet som usant, og ikke ble godkjent som autoritativt.

Frelserens evangelium er blitt offentliggjort ganske nylig, og også her er bare aller siste del av skriftet bevart. Det skildrer avskjedssamtaler mellom Jesus og disiplene som kan minne om dem i Joh. 13-16. Evangeliet bygger på de nytestamentlige, særlig Johannes, og også på Johannes Åpenbaring. Man tror det kan være skrevet i andre halvdel av det annet århundre. Jesu guddommelighet understrekes sterkt i dette skriftet.

Det samme er tilfelle i det nylig utgitte Judasevangeliet, som har en lignende iscenesettelse som Frelserens evangelium: Jesus kommer i samtale med disiplene når de feirer påskemåltidet forut for hans død. Judasevangeliet er sterkt antijødisk, og røper seg som et gnostisk skrift gjennom forakten for Skaperen og skaperverket. Hvis dette evangeliet er det samme som kirkefaderen Ireneus omkring 180 e. Kr. nevner i en av sine bøker, må det være skrevet litt før hans tid.

Ebjonitterevangeliet er bare bevart i noen få sitater hos kirkefaderen Epifanius, som skrev på 370-tallet e. Kr. Ebjonittene var en jødekris-

ten gruppering som avviste jomfrufødselen og hevdet at alle kristne, også fra hedningene, skulle holde Moseloven. Mye tyder på at det evangeliet Epifanius siterer fra, ikke hadde noe med ebjonittene å gjøre, og at det var et evangelium som var blitt til ved en sammenarbeiding av Matteus, Markus og Lukas. Det er vanskelig å si når dette ble gjort, men antakelig i det 2. århundre e. Kr. To eller tre andre jødekrystne evangelier er det også bevart sitater fra hos flere av kirkefedrene, men sitatene er så få og usikre at det er svært vanskelig å si noe bestemt om hvilken type skrifter dette var. De er alle fra det annet århundre, og synes å forutsette og bygge på ett eller flere av dem vi har i NT.

Blant de mange papyrusfragmenter som er funnet i ørkensanden i Egypt, er det også noen få som tydeligvis er bruddstykker av evangelielignende skrifter. Papyrus "Egerton 2" inneholder noen få ord og fortellinger som kan minne både om stoff i Johannesevangeliet og de andre evangeliene, men det er vanskelig å si sikkert om dette skriftet er avhengig av de nytestamentlige evangeliene, eller representerer en uavhengig versjon av samme stoff. Papyrus "Oxyrhynchus 840" kan stamme fra et skrift skrevet ca. 200 e. Kr., og virker som en fortelling laget for å illustrere noen Jesus-ord vi kjenner fra de nytestamentlige evangeliene. Jeg har nå nevnt de viktigste og eldste av de skriftene fra ordtiden som ligner mest på de evangeliene vi har i NT. I tillegg har vi noen skrifter som kalles evangelier, men som ikke inneholder fortellinger eller ord fra Jesu offentlige virksomhet, slik som de nytestamentlige. Man kan snarere si at disse skriftene fyller ut tre "huller" der de nytestamentlige evangeliene er tause.

1. For det første har vi to barndomsevangelier: Jakobs Protevangelium fra ca. 150 e. Kr. er en from fortelling om Jesu mor Maria, hennes liv og oppvekst, og om begivenhetene rundt Jesu fødsel. Skriftet var umåtelig populært allerede i oldkirkens tid, og ble i middelalderen kilde til mye kirkelig kunst. Den eneste grunn til at det ikke ble innlemmet i NT var at mange var klar over skriftets legendepreg, og visste at det ikke

var skrevet av den påståtte forfatter Jakob. I 1844 hevdet Jakob Lorber, en tysker bosatt i Graz i Østerrike, at Jesus hadde åpenbart for ham den opprinnelige ordlyden til dette evangeliet. Denne sterkt utvidete "utgaven" er nylig oversatt til norsk og utgitt på Solum forlag.

Thomas' barndomsevangelium er fra det 2. eller 3. århundre e. Kr. og inneholder oppbyggelige legender om Jesu gjerninger i hans barndom, før besøket i templet som 12-åring (som er fortalt hos Lukas). Mange kjente legender om Jesu undergjerninger som liten stammer herfra. Den norske teologen Reidar Aasgaard har nylig lansert den interessante idé at dette evangeliet kan ha vært ment som Jesus-fortellinger for barn, i så fall den første kjente "barnebibel"!

2. For det andre har vi den gruppen vi kan kalle dødsrikeevangelier, de prøver å forestille seg hva Jesus gjorde da han var i dødsriket mellom døden på korset og oppstandelsen. Bartholomeusevangeliet er fra det 2. eller 3. århundre e. Kr.; deler av skriftet kan være av senere dato. Bartholomeus spør den oppstandne Jesus hva han gjorde under sitt opphold i dødsriket, og får utførlige svar på dette. Nikodemusevangeliet stammer, i sin bevarte form, fra det 6. århundre etter Kristus, men inneholder eldre deler. Det var meget utbredt og lest i middelalderen. Siste del av evangeliet, "Nedstigningssagaen", er ett av de første latinske skrifter som ble oversatt til gammelnorsk. Evangeliet "supplerer" også de nytestamentlige evangeliens lidelseshistorier med "vitnesbyrd" fra flere av de involverte, for eksempel Pilatus og øversteprestens sønner. Dette er selvsagt diktning og ikke historie.

3. Den tredje gruppen kan vi kalle Åpenbaringsdialoger mellom den oppstandne og disiplene. Apostelbrevet er fra midten av det 2. århundre. Det inneholder en utførlig gjengivelse av den oppstandnes belæring av apostlene, fremstilt slik at de spør, og Jesus svarer. I innhold er dette skriftet helt "ortodokst".

Men vi har også flere eksempler på gnostiske åpenbaringsdialoger. Gnostisismen var en religionsform som trer tydelig frem i det annet

århundre etter Kristus, og som blant annet var kjennetegnet av en radikal avvisning av skaperverket og skaperguden. I flere av de gnostiske "evangeliene" er det den oppstandne eller "levende" Jesus som meddeler disiplene den hemmelige visdom som han ikke åpent kunne gi dem del i før sin død, da han underviste offentlig. Eksempler på skrifter i denne sjangeren er Thomasevangeliet og Maria Magdalenas evangelium (begge antakelig fra det annet århundre), men det er også flere andre som ikke kalles evangelier. Til en viss grad kan også Filipsevangeliet regnes til denne sjangeren, men det er et svært sent skrift (fra det fjerde århundre), og kan ikke med rimelighet kalles et evangelium.

En bestemt skole av forskere har i de senere år hevdet at Thomasevangeliet inneholder flere Jesus-ord i en mer opprinnelig ordlyd enn den vi finner når de samme ordene gjengis i Markus, Matteus eller Lukas. I min bok Den ukjente Jesus mener jeg å påvise at det er svake argumenter for et slikt syn.

Til slutt: Når noen spør meg, Hvorfor ble ikke alle de andre evangeliene med i Det nye testamente? Da pleier jeg å svare: Har du lest dem? Det første du bør gjøre hvis du lurer på det, er

å lese dem. De fleste er nå tilgjengelige i norsk oversettelse, for eksempel i bindet Apokryfe evangelier i serien "Verdens Hellige Skrifter" (De norske bokklubbene 2001). Hvis du etter å ha lest dem fortsatt lurer på hvorfor de ikke ble tatt med, da kan vi snakke om saken. Og da pleier jeg å nevne slikt som det jeg her har skrevet.

Oskar Skarsaune



Fra Misjonsblad for Israel nr. 2, 2008. Gjengitt med tillatelse.

## Svar på kryssord i nr. 1-2008:

	G		A		S	O	L	
	R	S	T		D	K		A
N	A	T	T	V	E	R	D	L
	V	I			L	I	A	A
T	A		S	M	E	T	T	E
E	↳	V	A	R	→	T	O	M

Løsning på kryssordet var: GRAVA VAR TOM.

Heldig vinnar var: Sandra Breiland, Høydalsmo.  
 Gratulerer! Premie kjem i posten.

*Den nye Diakoniplanen inneheld fire prioriterade område; Nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd. I dag handlar det om nestekjærleik.*

## **NESTEKJÆRLEIK**

Nestekjærleik har aldri vore mitt ord. Kjærleik var greiare. Vanskelege å forstå, men likevel meir til å ta og kjenne på, fantasere og drøyme om. Nestekjærleiken var innelåst i bibelsoga, og noko ein kunne byrje med når dei verste hormona hadde roa seg. Nestekjærleiken var for gamle damer som stod for åresalet på misjonsbasarar. Det var dei same damene som klappa meg på hovudet under kyrkjebesøk, og sa eg var blitt stor. Eg veit ikkje om eg tenkte over at kamferdropsa som gjerne følgde med, var ein del av nestekjærleiken, men godt gjorde dei.

Men eg kan hugse ein medelev som gav ordet eit visst innhald. I ein kristendomstime forklara han det med ein kjærleik som hoppa vilt ikring. Fyrst hjå den ein, så hjå den andre. Ein kjærleik som ikkje handla om kviser og utsjånad. Ein kjærleik utan smålege baktankar Ein kjærleik som var til på rein og pur trass. Denne kjærleiken var det ikkje mykje "leik". Han var alvorlege saker. Rett nestekjærleik var å sette seg sjølv til sides. Helst måtte ein be om orsaking for å vera til. Nestekjærleiken var lite å trå etter.

Men når ein vert mann må ein legge av det barnslege, seier Paulus. Han som sjølv har gjeve den store definisjonen av kjærleiken i Korintarbrevet. Som vaksen må ein ta eit oppgjer med seg sjølv og sine gamle tankar. Kan hende slutte å tenkje på nestekjærleiken; berre vita at ein kjenner det når ein møter den. Heller ikkje gjera han meir mystisk

enn den er. Forfattaren Edvard Hoem skriv i boka "Mors og fars historie", at han spurte mor si om ho elska faren. Sjølv hadde ho eit barn med ein tysk soldat då ho kom saman med emissæren Hoem. Ho svarar; "Eg elska ikkje far din då eg kom saman med han, men han var trufast og truskap er like viktig som kjærleik, så eg vart glad i han." Svaret peikar på at kjærleik kan lærast. Og ein av historias meste kjende diakonal kvinner Mor Theresa seier at ein ikkje må tenkje for mykje på å elske. Ein må berre gjera det!

Nestekjærleik skaper ofte strid og ordskifte. Dei kom til Jesus og ville sette han fast. Kven er min neste, spurte dei skriftelærde. Jesus let seg ikkje inn i ein stor diskusjon om verdige og uverdige for vår kjærleik. Han fortalte heller den ultimate historia om nestekjærleikens gjerningar. "Ein mann for frå Jeriko og fall i hendene på røvarar"

Historia om den miskunnsame samaritan sett ein standard for våre tankar om nestekjærleik. Ikkje at ho gjer nestekjærleiken lettare å utføre. Men han finn sitt feste i at Ein har elska oss fyrst. At kvar god gjerning er eit attendebetaling og ei Gudsteneste.

Det er frigjerande at Jesus snur opp ned på farisearen sitt spørsmål. Det handlar ikkje om kven nesten er. Men kven som ber seg åt som ein neste for den nedslåtte. Og oppfordringa er klar: Gå Gå av stad og gjer likeins.

Eilev Erikstein

## **BOKPERMISJON I SEPTEMBER**

Prostidiakonen Eilev Erikstein har fått innvilga studiepermisjon i i fem veker frå 1.09.08

## Til Kyrkjelyden.

Eg har no nokre år hatt 30% jobb som klokkar og sjukeheimsdiakon på Dalen. Av denne jobben har 5% vore brukt til å vera klokkar, kyrkjetenar og organistvikar når det har vore gudstenester i Kommunestyresalen.

No når gudstenestene på Dalen vert flytta til Kulturhuset, har eg sagt opp denne delen av jobben, med verknad frå 1. juni. Eg har sagt at eg framleis kan bli spurt om å vera organistvikar, og eg har tenkt å halde fram med diakonjobben min som før. Eg bruker å vera på Helsesenteret nokre timar om føremiddagene og besøker pasienter, les og syng og spelar litt og er med presten når han har andakt. Dette likar eg godt, og eg vil gjerne gjera det i mange år framover.

Men eg får seie som andre som har fylt 62, at eg får ta eit år om gangen.

Björg Abusland

Vi fra redaksjonen vil gjerne si Björg en stor takk for innsatsen ved gudstenestene i Kommunestyresalen, og for hennes smil og måte å være på ☺.

SJ

## Gudstenester i Kulturhuset

Vi har flytta gudstenesteutstyret frå Kommunehuset til Kulturhuset. Det har vore gudsteneste der 1. og 17. mai, men vi har ikkje hatt noko spesiell markering av flyttinga. Den vil vi ta når vi har fått på plass det nye utstyret som skal lagast, altar, døypefont, preikestol m.m. Dette er noko som ein komité og soknerådet arbeider med, men det tek ein del tid, så det er vanskeleg å seie når dette blir ferdig. Til hausten vil gudstenestene bli haldne i Kulturhuset med det utstyret vi har, unnateke den 19.10. då vi må vere i Kommunehuset.

## Fjellkyrkja

Arbeidet med bygging av fjellkyrkja er i gang. Tokke kyrkjelege fellestråd vil vere eigar og drivar. Føresetnaden for dette var at prosjektet skulle vere fullfinansiert, det er på plass.

No har fellestrådet skrivne under entreprisaftale om oppføring av fjellkyrkja med Feltspat Entreprenør AS.

Samla kostnad er kr. 1.610.200 + mva.

Kyrkja vil ha eit møterom med plass til omlag 80 personar, i tillegg er det eit lite kjøkken, toalett, lagerrom og presterom.

Det er planen at bygget skal vere klart til bruk innan utgangen av året.

## Friluftsgudsteneste i Krossdalen

På støylen i Krossdalen blir det friluftsgudsteneste 24. aug. kl. 12. Vegen frå rv. 45 på Stavliheii blir open, og det er 3,5 km å køyre. Ta med mat og drikke og stol. Etter gudstenesta og matpausa blir det høve til å gå ein tur ut mot stien som kallast "Tøffare enn Besseggen". Det blir ikkje atterhald om vêret. Ved regn får vi benke oss saman inne.

## Det gamle skulehuset på Froland

Den 29. juni blir det friluftsgudsteneste kl.12. Etterpå blir det serveringa av graut og kaffi ved Bygdekvinnelaget. Dette er gratis, men det blir teke opp kollekt. Det blir også song og musikk og litt anna program. Bygdekvinnelaget, som har hatt ansvar for drifta av huset, kan ikkje ta på seg dette lenger, og huset vil no bli overteke av eigaren av garden det står på. Dette arrangementet blir såleis ei avslutningsmarkering for dette grendehuset. Det er ikkje atterhald om vêret, då det er plass til ganske mange inne.

# SLEKTERS GANG

## DØYPTE

### Mo

Margit Kollbotn  
Amalie Beisland Sandok  
(døyppt i Vinje kyrkje)



### Eidsborg

Mathea Gulseth  
Ragnhild Midtbø-Mevastaul

## DØDE

### Skafså

Olav O. Bergland  
Olav Dale

### Mo

Reinhart Vinjerui  
Ingebjørg Midtgarden

### Eidsborg

Tor Resen Hegna

### Høydalsmo

Gjertrud Tveiten  
Olav Byggland

### Lårdal

Olav Nygard  
Olav Heggveit



# GUDSTENESTELISTE TOKKE PRESTEGJELD JUNI - AUGUST 2008

*Sundag 8. juni – 4.s.e. pinse*

**Eidsborg stavkyrkje kl. 11**

Gudsteneste  
Svenning Jørgensen  
Nattverd

**Høydalsmo kyrkje kl. 19**

Songkveld

*Sundag 15. juni – 5.s.e. pinse*

**Lårdal kyrkje kl. 11**

Familiegudsteneste  
Svenning Jørgensen  
Avslutning for Torsdagsklubben

*Sundag 22. juni – 6.s.e. pinse*

**Rui-plassen i Eidsborgberget kl. 12**

Friluftsgudsteneste  
Øyvind Jørgensen

*Laurdag 28. juni*


**Eidsborg stavkyrkje kl. 11**

Pilegrimsgudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Dåp

*Sundag 29. juni – 7.s.e. pinse*

**Skulestoga på Froland kl. 12**

Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Servering av graut og kaffi  
Song og musikk og litt anna program  
Kollekt



## INFORMASJON

Returadresse:  
KYRKJELYDEN  
Postboks 94  
3886 DALEN

*Sundag 6. juli – 8.s.e. pinse*

**Høydalsmo kyrkje kl. 11**

Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Dåp – nattverd

**Skafså kyrkje kl. 19**

Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Nattverd

*Sundag 13. juli – 9.s.e. pinse*

Ikkje gudsteneste i Tokke

*Sundag 20. juli – 10.s.e. pinse*

**Lårdal kyrkje kl. 11**

Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Nattverd

*Sundag 27. juli – 11.s.e. pinse*

**Høydalsmo kyrkje kl. 11**

Gudsteneste  
Svenning Jørgensen  
Nattverd

**Mo kyrkje kl. 19**

Gudsteneste  
Svenning Jørgensen  
Nattverd

*Tysdag 29. juli - Olsok*

**Eidsborg stavkyrkje kl. 19**

Olsokgudsteneste  
Svenning Jørgensen

*Sundag 3. august – 12.s.e. pinse*

**Grimdalstunet kl. 12**

Gudsteneste  
Svenning Jørgensen  
(Grimdalsstemnet)

*Sundag 10. august – 13.s.e. pinse*

**Eidsborg stavkyrkje kl. 11**

Familiegudsteneste  
Svenning Jørgensen  
Dåp

*Sundag 17. august – 14.s.e. pinse*

**Mo kyrkje kl. 11**

Gudsteneste  
Svenning Jørgensen  
Nattverd

*Sundag 24. august – 15.s.e. pinse*

**Krossdalen kl. 12**

**(3,5 km frå rv. 45 på Stavliheia)**

Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Ta med stol og mat/drikke  
Ved regn gudst. inne i hytta

*Sundag 31. august – 16.s.e. pinse*

**Skafså kyrkje kl. 11**

Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Nattverd

**Høydalsmo kyrkje kl. 19**

Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Nattverd